



INFO FRÅ VIGRESTAD SKULEKORPS

Nr. 2 - 2015
28.01.2015

SEMINAR 21.-22. FEBRUAR

Denne seminarhelga er det oppkøyring med øving på programmet til RM. Seminaret skal vera på Vigrestad Barneskule, og det er ikkje overnatting.

Seminaret er for hovudkorpset. Aspirantane og juniorane har fri.

Me er klar over at dette er siste helga av vinterferien, og det prøvde me naturlegvis å unngå. Men for å gjennomføra ei seminarhelg er det mange ting som skal klaffa, så i år vart dette det einaste alternativet. Tidligere år har seminaret alltid starta på fredagen, men i år tek me ein vri for at det skal gå minst mulig ut over ferien. Me har seminar bare laurdag og søndag, men øver heller litt ekstra lenge dei to dagane.

Satsar alt på at dette blir ei super duper seminarhelg, som ei seminarhelg med VSK bruker å vera. Sosialt og gildt, lærerikt, flott korpsmusikk og mykje god mat☺

Meir nøyaktig informasjon om tider og oppmøte kjem etter kvart.

ROGALANDS MESTERSKAP 2014

Lørdag 7.mars er det altså klart for RM 2015 i Stavanger konserthus. Her deltek hovudkorpset.

Juniorane vert inviterte til å vera med bussen inn til Stavanger for å heie på korpset.

Aspirantane vert inviterte til å vera med på samspillseminar. Dei vil motta informasjon om dette.

Meir informasjon om tidspunkt og liknande kjem når det nærmar seg.

BASAR

Torsdag den 16. april går korpset sin årlege basar av stabelen. Set av datoene, me kjem tilbake med meir informasjon.

ØVINGSTIDER

Det er ikkje heilt avklart korleis øvingstidene blir etter veke 6, men det skal vera klart til etter vinterferien.

Det blir ikkje øvingar i veke 7, altså torsdag 5.februar. Dette gjeld både aspirantar, juniorar og hovedkorps.

HUSK ÅRSMØTE 24. FEB KL19.00

Det kjem eiga innkalling til årsmøtet.

KALENDER

21-22. feb	Seminar på Vigrestad Barneskule – utan overnatting
24.febr	Årsmøte skulekorpset kl. 19.00
7. mars	Rogalands Mesterskap for korps Hovud- og juniorkorps deltek Samspillseminar for aspirantar
16. april	Basar
17. mai	Hurra
19.-21. juni	Sommartur til Mandal, skulekorpsfestival
Juni/juli	Sommarkurs